

Årsmelding OIL Friidrettsgruppa 2009

Medlemstal: Pr. 01.01.2010 har gruppa 222 betalende medlemmer (227 i 2009).

Representasjon: Helga Reigstad har i 2009 vore sentralstyremedlem i Friidrettsforbundet Karl Johan Reigstad var frå hausten 2008 vore medlem og leier av teknisk komitè i en lokal organisasjonskomite for EM for lag som blei arrangert på Fana stadion i juni 2009.

Sportsleg aktivitet: Jenter/Gutar: Gruppa har hatt ein stabil aktivitet i desse årsklassane dei siste åra. For tida er det litt tynnare på jentesida enn gutesida. Dette ser ein bl.a. på medaljehausten i nasjonale ungdomsmesterskap der gruppa har sankt tilsaman 22 medaljer i løpet av året i alderen 15-19år. Alle på gutesida. I desse årsklassane er klubben blant dei beste i landet i 2009 på gutesida.

Vaksne Prestasjonane på seniornivå er i hovudsak i 2009 gjort av spreke juniorar og veteranar. Her er det i hovudsak 3 personar som har framheva seg i år. Bjarte Vik og Martin L.Kåstad har i år delteke på henholdsvis senior- og juniorlandslaget. Helga Reigstad er framleis inne på topp 10 i landet i spyd og hadde ein fin 4.plass i hovudmeisterskapet

Arrangement Det desidert største arrangementet dette året var NCC-lekene 5. Og 6.september. Eit stort forarbeid var lagt ned, resultatet vart svært godt og tilbakemeldingane både frå deltakarar, leiarar og forbund var svært positive. Osterøy har inngått avtale om arrangementet for 2 nye år.

Informasjon: Gruppa har ei svært god heimeside på www.osteroyil.no.

Konklusjon: Eit år med stor sportsleg suksess blant ungdommen, med eit utruleg UM på Nadderud som høgdepunktet. Eit vel gjennomført arrangement under NCC-lekene støtta opp under gruppa sitt rykte som godt vertskap.

Styret vil nytta høvet til å takka medlemmane for framifrå innsats i 2009 – og håper de vil vera med på leiken i 2010 og!